

Alver kommune - planavdelinga.

Lindås Bygdelag, - Spørsmål om arbeidet med arealdelen i kommuneplanen.

Lindås Bygdelag har sendt innspel til planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel, der mellom anna den manglande områdeplanen for Lindås, var peika på som ei prioritert planoppgåve. I sak til kommunestyret 157/22 der planprogrammet vart vedteke, finn vi ikkje at innspelet vårt er nemnt, eller teke med i den konkrete vurderingsdelen som følgde saka til politisk handsaming.

Grunnen til dette kan vi gjerne få ei tilbakemelding på.

Vi forstår at arbeidet med arealplanen no er i gang, og ser at det samstundes er sett i gang arbeid med kommunedelplanar og andre overordna temaplanar på fleire område. I denne situasjonen, utan tilbakemelding og teikn på at den delen av innspelet vårt som var viktigaste på dette planstadiet, er løfta fram til politikarane, gjer oss urolige.

Gjeldane kommuneplan føresegner pkt 2.2.2, har krav om at på Lindås, som einaste lokalsenter i Alver, kan ikkje reguleringsplan vedtakast før planen inngår i områdeplan eller områderegulering.. Så lenge dette kravet står, er Lindås lokalsenter og dermed vi som bur her, i bakleksa både når det gjeld gjennomføring av tiltak og reell deltakig i det planarbeid som Alver no har på gang. Eit viktig arbeid vi ønskjer å delta i på ein konstruktiv og positiv måte til beste for både Alver og vår del,- Lindås.

Dagsaktuelle døme på ulempene med noverande situasjon, er at det har teke 6 år å komme forbi ulike kommunale plankrav for å få lagt fram reguleringsplan for seniorbustader på Åtun. Ei sak der private grunneigarinteresser, naboar og politikarar ikkje har hatt forseinkande innvendingar. I skrivande stund er statsforvaltaren sine eventuelle innvendingar heller ikkje kjende. Ei anna sak på Lindås, er planarbeidet for ny gravplass. Ei sak som står i stampe, etter vår meining fordi det i mangel av kommunal overordna plan for heilskapen (områdeplan), no er fritt fram for alle å kjempe for eigne detaljløysingar ut frå sine eigne tankar om hovudløysingane. Slik blir det lett støy og misnøye av, slik kan vi ikkje ha det.

Spørsmålet vi ber om svar på:

Kva konkret arbeid, administrativt og politisk, vert no gjort for å få dette planarbeidet for Lindås på plass? .

Med tanke på alt pågåande planarbeid i kommunen og som bygdelaget ønskjer å vere ein positiv og aktiv aktør i, er det viktig å få eit raskt svar.

Mvh

For Lindås Bygdelag

Arne Aven

Svaradresse e post: aaven@online.no, Tlf:91852483.